



Notat

Dato: 23.04.2015
Arkivsak: 2014/22289-11
Saksbehandlar: Kjetil Sigvaldsen

Til:	Per Nordmark
Frå:	Kjetil Sigvaldsen

Innspel frå Samferdselsavdelinga - Utviding av planområdet for bru over Masfjorden

Ut frå både eit folkehelse- og trafikktryggleikssyn er det viktig at kommunen satsar på utbygging av gang- og sykkelveggar. Generelt bør det leggest opp til at i dei sentrale delane av kommunen skal alle korte reiser kunne utførast med sykkel (3 km), og at målpunkt for barn og unge skal kunne nåast med sykkel. Samferdselsavdelinga ser positivt på utvidinga av reguleringsplanen som det no vert varsla om.

Me gjer elles merksam på at bru over Masfjorden ikkje er ein del av det overordna fylkesvegnettet og at tiltaket ikkje er prioritert i gjeldande Regional Transportplan 2013-2024 eller RTP Handlingsprogram 2015-2017.

I fylkestinget 9.12.2014 blei det gjort vedtak om å vurdere eit brukonsept for Masfjorden under føresetnad av at fylkeskommunal eigenandel ikkje overskrider ferjeavløysing og momskompensasjon i forbindelse med prosjektet. Dette vil bli avklart i samband med Stortinget si handsaming for framtidig opplegg for ferjeavløysingsmidlar for fylkesvegsamband.

Samferdselsavdelinga visar elles til tidlegare merknader i saka.